

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 3-2019

Fredag 04.10.2019 vart det halde møte i representantskapet i Sunnmøre Regionråd IKS på Stranda Hotel i Stranda kommune

Til stades:

Frå representantskapet:

Giske kommune: rådmann Marianne Stokkereit Aasen
Haram kommune: varaordfører Randi Walderhaug Frisvoll
Hareid kommune: ordfører Anders Riise
Norrdal kommune: ordfører Arne Sandnes
Sande kommune: ordfører Dag Vaagen
Skodje kommune: varaordfører Geir Ove Leite
Stordal kommune: varaordfører Kjersti Ruset Hjelle
Stranda kommune: varaordfører Arild Ringdal
Sykkylven kommune: ordfører Odd J. Drotninghaug
Ulstein kommune: ordfører Knut Erik Engh
Vanylven kommune: ordfører Lena Landsverk Sande Rådmann
Vestnes kommune: varaordfører Randi Bergundhaugen
Volda kommune: varaordfører Sølvi Dimmen
Ørsta kommune: ordfører Stein Aam
Ålesund kommune: varaordfører Tore Johan Øvstebø

Forfall:

Giske kommune: varaordfører Britt Giske Andersen
Sandøy kommune: ordfører Oddvard Myklebust
Herøy kommune: ordfører Camilla Storhøy
Ørskog kommune: ordfører Knut Helge Harstad
Sula kommune: ordfører Jim Arve Røssevoll

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styrelleiar Jan Ove Tryggestad, ordfører i Stranda kommune
Nestleiar Vebjørn Krogsæter, ordfører i Haram kommune
Styremedlem Eva Vinje Aurdal, ordfører i Ålesund kommune
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, ordfører i Skodje kommune
Varamedlem Jørgen Amdam, ordfører i Volda kommune
Varamedlem Harry Valderhaug, ordfører i Giske kommune
Varamedlem May-Helen Molvær Grimstad, rådmann i Sykkylven kommune

Rådmenn:

Marianne Stokkereit Aasen, rådmann i Giske kommune
Ragnhild Velsvik Berge, rådmann i Hareid kommune
Åse Elin Hole, rådmann i Stranda kommune
Anne Berit Løset, rådmann i Stordal kommune
Karl Andre Birkhol, rådmann i Norrdal kommune
Rita Kvamme, rådmann i Vanylven kommune
Rune Sjugard, rådmann i Volda kommune

Besøksadresse: NMK Borgundveien 340 NO-6009 Ålesund, Norway

Postadresse: Postboks 1521, 6025 Ålesund, Nettadresse: www.sunnmoreregionrad.no,

Telefon: 70 16 23 94, Mobil: +4746811715, E-post: torunn.maseide@sunnmoreregionrad.no

Trond Aglen, rådmann i Sande kommune
Verner Larsen, rådmann i Ulstein kommune
Wenche Solheim, rådmann i Ørsta kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Utviklingsrettleiar Torunn Måseide-Referent
Prosjektleiar energieffektivisering Einar Haram
Pedagogisk koordinator Nils Magne Abelseth

Sak 16/2019: Godkjenning av innkallinga

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Innkallinga vart godkjend.

Sak 17/2019: Godkjenning av sakliste

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Saklista vart godkjend.

Sak 18/2019: Val av to personar til å underteikne protokollen saman med leiaren av representantskapet

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Tore Johan Øvstebø og Sølvi Dimmen vart valde til å underteikne protokollen saman med leiaren av representantskapet.

Sak 19/2019: Oppsummering av gårsdagen

Ved Dag Olav Tennfjord, Jan Ove Tryggestad, Einar Haram:

Ein god og lærerik dag med fokus på berekraft gjennom tema som forskning, grøn skipstransport, grøn teknologi, produksjon og bruk av hydrogen, bruk av kartdata for å simulere og visualisere miljøkonsekvensar og gjennom fokus på å lage gode rammevilkår og forretningsmodellar for turismen som kan sikre kommunane inntekter så vel som utgifter.

Sak 20/2019: Reiseliv, mat og kultur i Møre og Romsdal

Ved Jan Sverre Sivertsen, prosjektleiar Møre og Romsdal fylkeskommune

Sivertsen orienterte om mål og fokus i det 3-årige prosjektet som Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge står bak. Målet er å utvikle eit godt og berekraftig reiseliv i Møre og Romsdal gjennom å samarbeide på tvers for å auke lønnsemd og

verdiskaping. Han peika på det unike naturbaserte reiselivet. Vi har eit produkt vi må bli flinkare til å få fram på heilårsbasis og ta vare på for framtida.

Sak 21/2019: Mot eit grønt og berekraftig reiseliv i verdsarvfjordane

Ved Katrin Blomvik, direktør Geirangerfjorden verdsarv

Blomvik orienterte om Vestnorsk fjordlandskap sine ulike roller for reiselivet i verdsarvområdet, som å legge til rette for utvikling, kompetanseutvikling, formidle kunnskap til barn og unge og rolla som varslar i forhold til verdsarven. Blomvik orienterte også om Grøn fjord rørsla og visjonen Sporlaus ferdsel. Ho var opptatt av at reiselivet måtte utviklast på heilårsbasis i ei grønt og berekraftig retning med god infrastruktur og ein heilskapleg plan.

Ho peika på 2 viktige føresetnader: Strengare regulering gjennom samarbeid med sjøfartsdirektoratet og kommunane og den grønne, teknologiske, revolusjonen med utsippsfri verdsarvfjord i 2026.

Blomvik kom med ei sterk oppmoding til alle kommunane om å gå saman om eit felles toalettprosjekt på bakgrunn av dårleg toalettforhold på populære reiselivsdestinasjonar og utfartsområder. «Ha dette som eit felles Sunnmørsk prosjekt!» oppmoda Blomvik.

Sak 22/2019: Korleis kan reiseliv vere ein del av ei berekraftig utvikling?

Ved Tom Anker Skrede, reiselivssjef Destinasjon Ålesund & Sunnmøre

Skrede orienterte om det han kalla eit «veikart for reiselivet i Norge»: Eit berekraftig reiseliv med høg avkastning og mindre miljøavtrykk.

Vi må utvikle heilårsturisme: «The Viking season» frå oktober til april. Her må heile regionen tenke samarbeid, var oppmodinga frå Skrede.

Han sa vidare at det vil skje ei enorm auke av turistar frå Asia og Kina fram mot 2030 og også frå USA. Vi må utvikle eit reiseliv som satsar på «adventure» turisme og lage produkt der turistar legg igjen meir pengar pr. person. Vi må ha fokus på berekraftig reiseliv gjennom alle ledd; Transport, kortreist mat, kultur, bruk av natur og bruk av teknologi i forhold til miljøavtrykk. Vi må ha meir fokus på produkt og destinasjonsutvikling i framtida; vise fram reiselivet vårt og tenke heile regionen.

Konklusjonen vart at det er heilt avgjerande at kommune og næring står saman og set ei tydeleg felles retning for kva type reiseliv vi vil ha og korleis vi ynskjer utviklinga av eit berekraftig reiseliv på Sunnmøre.

Sak 23/2019: Felles handlingsplan for førebygging av vold og seksuelle overgrep

Eva Vinje Aurdal, ordførar Ålesund kommune

Ønske om å lage ei arbeidsgruppe for dette prosjektet. Vil ha tilbakemelding på dette.

Stranda, 04.10.2019

.....
Dag Vaagen

1075 ~~Handfalden~~ ~~Christmann~~